

Venstrepopulisme? Ja!

Fagsenteret OsloMet

131124

Audgunn Oltedal

Ottar Brox brukte ordet *populisme* i boka *Hva skjer i Nord-Norge?*(1966)

Boka var ein skarp kritikk av Nord-Norgesplanen(1951). Lanserte parolen ‘*populisme mot teknokrati*’.

- PAG -Populistiske arbeidsgrupper i Bergen - brukte *populisme* som *merkelapp* for kva ein ville med sitt politiske engasjement.
- På 1970 talet hadde ‘populisme’i stor grad ein positiv klang.
- Det endra seg på 1980 og 90 talet.
- Populisme vart fy-ord og *merkelapp* for opportunisme, forførande tale og lettvent elitekritikk.

Disposisjon

- Kva forstod PAG med populisme? Kva stod gruppa for?
- Kva skjedde med populismen etter 1970-talet?
- Kva skil venstrepopulisme frå høgrepopulisme?
- Venstrepopulisme- Ja!

Kva forstod PAG med populisme? Kva stod gruppa for?

Turnhallen i Bergen 29. april 1970:

Tre kandidatstyre stilte til val:

- Det konservative (Arne Njøsen)
- Det radikale (Audgunn Oltedal)
- Rød Front (Oddmund Søilen)

sloss om makta i
Studentersamfunnet i Bergen
hausten 1970.

Det radikale styret kalla seg populistar

To sentrale paroler:

- Nei til kapitalismen
- Populisme i staden for marxisme-leninisme.

Populisme: Systemkritikk og arbeidsmåte

- Bergen 900 år:
- Kritisk veke, anti-jubileum
- Telt på festplassen
- Aksjonar mot bilbruk.
- Oppsøkte dei som ikkje vart invitert på feiring
- Seminar om sosial naud og byplanlegging.
- Hengte ut dei som hadde ete flest dyre middagar i Håkonshallen



Bydelen Marken i Bergen vart ikkje rasert

- Kritisk veke var eit lærestykke i grasrotarbeid
- Ein smak på kva motekspertise dreier seg om
- Fekk fram dei politiske skiljelinene vi stod for
- Mange som deltok i aksjonane i Bergen hausten 1970, vart med då PAG vart stifta våren 1971



Spørsmål:

Finst det alternative arbeidsmåtar til tradisjonell partipolitikk?

Kor går dei reelle politiske skiljelinene i norsk politikk?



- Ottar Brox
- Hartvig Sætra
- Karin Beate Theodorsen
- John Dale
- Arne Kielland
- Kristen Nygård
- Gunnar Skirbekk
- Tore Linne Eriksen
- Edvard Vogt

PAG på 1970 talet

- **PAG i Bergen** stifta 15. februar 1971.
- Medlemmene kom frå mellompartia (Venstre, Senterpartiet, Krf),
frå SF
ikkje partimedlemmer,
mange uavhengige sosialistar.
- **PAG i Trondheim** stifta 6.12 1971 (med frihetlige sosialister)
- **PAG i Tromsø** stifta i 1973
- **Grønt Gras** i Oslo vann over Rød Front, 6.05 1972
PAG- medlemmer vart
invitert til å ha foredrag mange stader rundt i landet.
gav ut avis og artikkelsamlingar.
hadde sommarleirar, Bjørnsund, Tysnes, Herøy
- **Norsk Populisme** (1972) på Samlaget



Systemkritikken var sentralt i det vi skreiv:

- *‘Den einaste måten å unngå økologiske kriser på, er å gripe inn i dei rådande økonomiske og politiske maktforholda som held oppe synet på verda som ein ‘fri’ allmenning.*
- *Verda må ikkje lenger sjåast som ei fri beitemark – ein treng ei fast og rask regulering etter andre verdiar enn dei bedriftsøkonomiske’.*
- Vi målbar ny kunnskap som viste at jorda ikkje tolte vår livsstil. Vi kritiserte både kapitalismen og kommunismen fordi begge systema kvilte på stadig meir vekst, uttak av ikkje-fornybare naturressursar og auka forbruk.
- Vi såg at miljøproblema kravde internasjonalt samarbeid. Vårt miljøengasjement medverka til ei populismeforståing som aldri vart fanga i eit snevert nasjonalistisk perspektiv.

Kva forstod vi med populisme?

Fire sentrale trekk i det PAG stod for.

- Vi var antikapitalistar. Vi var ein del av 68-generasjonens breie opprør mot rådande utvikling og maktforhold. Vi delte svært mykje av marxismens kritikk av kapitalismen, av ulikskap, utbytting og undertrykking, men vi brukte marxismen som metode og analysereiskap, ikkje som verdsåskoding, slik ml-arane gjorde.
- Kamp mot sentralisering var ein hovudstolpe i det vi stod for. Gunnar Skirbekk gav oss omgrepet moteksperise. Ottar Brox sine analyser gav materiale og argument mot ei samfunnsutvikling som førde til stordrift, utarming av lokalsamfunn og avfolking av utkantar.

Kva forstod vi med populisme

Fire sentrale trekk i det PAG stod for

- Miljøkrisa var den tredje hovudstolpen. Vi målbar ny kunnskap som viste at jorda ikkje tolte vår livsstil. Grunnleggjande systemendringar måtte kome. Vi kritiserte både kapitalismen og kommunismen, fordi begge systema kvilte på stadig meir vekst, uttak av naturressursar og auka forbruk. Miljøproblema kravde internasjonalt samarbeid.
- Vi vektla grasrotjobbing. Vi var opptatt av at skiljelinene i spørsmål om sentralisering og miljø ikkje gjekk mellom borgarlege og sosialdemokratar, men tvers gjennom etablerte parti. Vi ville organisere fram tverrpolitisk protest mot den rådande utviklinga.

Berge Furre:

Populisme er ei vidareføring av ei gamal line i vår historie, den nasjonale, demokratiske lina frå 1814 (17.mai tale i Bremanger 1973)

- Populisme byggjer på den tanken at det ikkje er sikkert at teknokraten/byråkraten i storselskap eller regjeringskrinsar alltid har rett; dei som tenkjer på vekst, store endringar, effektivitet.
- Det er viktigare å skape levedyktige lokalsamfunn der menneske er seg sjølve og ikkje blir styrde.



Kva skjedde med populismen etter 1970-talet?

Ottar Brox og Hartvig Sætra slutta å bruke ordet *populisme*

Vi i PAG byrja kalle oss *venstrepopulistar*

- Ordet *populisme* fekk dårleg klang:
- *Forsøk på å vinne valg ved å forenkle vanskelige (samfunns)forhold og kritisere etablerte autoriteter. (Kilde: Den Danske Ordbog)*
- Mogens Glistrup (1926 -2008) dansk høgrepopulistisk politkar og erklært rasist, lovpriste skattesnyting, stifta Fremskridtspartiet. Kjent for antimuslimske synspunkt, dømt for rasisme.
- Anders Langes Parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep, vart til Fremskrittspartiet.
- Fremskrittspartiets politikk under Carl I Hagen var med og gav ordet *populisme* negativ klang.
- Frå 1980- og 1990-talet vaks det av denne breie rørsla fram som i dag blir kalla *høgrepopulisme*.
- *Populisme* er historisk knytta både til venstreorienterte og høgreorienterte parti.
- I Russland kjempa populistane, kalla narodnikarar, for at bøndene skulle få eigedomsrett til jord (gjorde seg gjeldende i Russland fra 1870).
- I USA var Populist Party (1891) ei kort tid det viktigaste partiet ved sida av demokratane og republikanarane. Bønder, småborgarar, dels arbeidarklassen. Protestrørsle med moderat sosialistisk eller sosialdemokratisk tendens. Gjekk opp i det demokratiske partiet etter 1896.
- Populismen i Europa har hatt og har sterkast innslag på høgresa (Tor Bjørklund)




Frå 1970 åra til i dag er det blitt meir, ikkje mindre kapitalisme.

- Ronald Reagan og Margareth Thatcher si oppskrift for korleis samfunnet skulle styrast, slo gjennom.
- Marknadstenking gjeld også for sosialdemokratars syn på korleis basisfunksjonar i samfunnet skal drivast.
- Marknadstenkinga gjeld for sjukehusdrift, for jernbane, for kraftpolitikken, og for mange fleire deler av samfunnet der den ikkje rårde grunnen før.
- I Innlandet går AP på ein smell og Frp fossar fram på meiningsmålingar etter vedtak om nedlegging av skular



Kva skil venstrepopulisme frå høgrepopulisme?



*Populistiska
manifestet*

er eit forsvar for
populismen som
politisk strategi

Göran Greider
Åsa Linderborg

Popu listiska mani festet



‘Den grunnleggande stammen i all populisme er motsatsparet folket mot eliten’.

- «For høgerpopulismen er folket något etnisk homogent, rent og gott.»
- For høgrepopulistane er folket eit mytisk, historisk vesen som dei påstår at dei er talsmenn for, men egentleg lit dei ikkje på folket.
- Høgrepopulismen bygger ingen folkerørsler i egentleg forstand.
- Høgrepopulismen er autoritær og toppstyrt og nøyer seg med at folket er stemmekveg.
- «För vänsterpopulismen er folket alla som förlorar på klassamhellet.»
- «För vänsterpopulisterna er folket en verkligt forändrande kraft, och man oppmaner alle att engagera sig politisk.»
- Engasjere seg på alle nivå i samfunnet slik at politikken endrar seg i rett retning (s. 12).

Synet på eliten er ein viktig skilnad mellom venstrepopulistar og høgrepopulistar

For høgrepopulistar er eliten:

- Venstresida, feministane, liberalarane, kulturskribentane, media,
- dei som er for kulturelt mangfald,
- Konklusjonen er at nest etter muslimane er høgrepopulistane sitt fremste hatobjekt kultureliten, kulturmarxistane.
- Eliten er kulturen, ikkje kapitalen.

For venstrepopulistane er eliten dei som eig, forvaltar og forsvarar kapitalen.

- Dette fører til at høgre og venstrepopulistar er opptatt av heilt forskjellige saker.
- Når høgrepopulistar konsentrerer seg om kulturelle skilnader som dei store lagnadsspørsmåla, så er fordelingspolitikk venstrepopulistar sitt fokus

Greider og Linderborg dreg liner til historia:

- Det går utan vidare an å sjå framveksten av den euorpeiske arbeidarrørsla for meir enn hundre år sidan som eit grunnleggjande venstrepopulistisk prosjekt.
- Ei forklaring på høgrepopulismens oppsving siste tiåra, er den avideologisering som kjenneteiknar arbeidarrørsla; den har etterlate seg eit enormt vakum der høgrepopulismen har kome inn med sine ideologiske og kjenslemessige krav.
- Sosialdemokratane kapitulerte for marknadliberalismen, og tapte forankringa i arbeiderklassen.
- Korleis skal venstrepopulismen jobbe, kva skal den stå for? Greider og Linderborg vektlegg dette:
- For venstrepopulismen gjeld det å finne grunnakkorden; kravet om jamlikhet, rettvisa og demokrati.
- «Vi tror at de kommande års politiske utfall avgörs av i hvilken grad en ny venstrepopulisme ser dagens ljus eller inte.
- Den måste ställa klass, kjønn og klimat i sentrum.
- Den måste byggas nedanfrån.
- Bare en sådan rörelse kan, även om den själv inte tar makten, tvinga dom gamla partierna til förnyelse og vitalisering, för vi tror inte att dessa kan fornyas inifrån av egen kraft.»

Viktig: Gå til venstrepopulismens røtter i USA - der Bernie Sanders mfl er

«Det farligste populistene fant på, handlet likevel ikke om penger.


Det handlet om mennesker.

I et svært rasedelt USA kom de på den geniale ideen å bygge en velgerkoalisjon på tvers av raseskiller.

Særlig i North Carolina var denne strategien genial. The People's Party slo seg sammen med det republikanskje partiet, som var partiet som hadde vært mot slaveriet.»

*(Mímir Kristjánsson, Klassekampen
29.10.24)*

The Populist Party var det største partiet i fire delstatar i 1892.



Miljø: Ikkje viktig nok tema i politikken i dag

- Det er omtrent heilt taust når det gjeld eit heilt grunnleggjande spørsmål:
- Treng vi meir straum?
- Treng vi meir vekst?
- Men var ikkje det ei grunnleggjande innsikt ein gong at forbruket måtte ned, og veksten gå ned, om miljø og klima skulle bergast?



Venstrepopulisme:

Grunnakkorden er *jevnlighet, rettvis, demokrati*.

- Å jobbe på grasrota betyr å jobbe på fleire ulike måtar. Ofte gjennom å bygge breie alliansar som samlar seg om eitt krav som om alle ulike grupper som deltek, jobbar for .
- Andre gonger dreier grasrotjobbinga seg om å ta opp radikale krav som politikarar kvir seg for å fronte, fordi det ikkje gjev røyster. Mange grasrotrørsler har starta slik, frå kampen for at kvinner skulle få røysterett til homofiles kamp for likeverd.
- Den som jobbar utanomparlamentarisk,- slepp å vere taktisk på den måten som partipolitikaren må. Den som står på stand og skal sanke stemmer for å kome inn på Stortinget, må ikkje støyte for mange, men vere taktisk.
- Grunnakkordar i folkestyret blir borte om grasrotjobbing, sterke folkerørsler og utanomparlamentariske aksjonar ikkje er der, og blir høyrte.

Venstrepopulisme? Ja!

- Venstrepopulisme som vektlegg sine røter i arbeidarklassen
- Venstrepopulisme som respekterer menneskerettane, kvinners rettar, homofiles rettar, retten til asyl (forankra i FN)
- Venstrepopulisme som jobbar nedanfrå og opp,
 - bygger tverrpolitiske alliansar som forsvarar menneske og miljø.
- Venstrepopulisme som
 - krev grunnleggjande systemendring fordi jorda ikkje toler det liv vi lever.

Nedanfrå og opp, ikkje ovanfrå og ned.

- Men når du sjølv sit på den grønne grein, - og vi er mange som sit der -, kan det vere vanskeleg å forstå at ikkje alle andre og sit på den grønne grein.
- Det snik seg lett inn ein forakt for menneske som er fattige, som ikkje fiksar livet sitt.
- Ei formyndarhaldningar tek plass, kjenneteikna ved at den som sit med makta veit best kva som er best for folk.
- Men så er det altså ikkje slik.
- Den som har skoen på, kjenner best kvar det trykker mest.

